

10. Soknerådsmøte 2017 12.september – Referat

Mat: Torill

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar måned ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

ADU – AdministrasjonsUtvalget for fellesrådet- består av kyrkjeverge, to frå fellesråd og to tillitsvalte

Sokneråd FOK	Til stades:	Merknader / Vararepresentant:	Ansvarsområde
Jon Lende	x	Leiar av soknerådet	Representant til fellesrådet
Helen Hetland Mori	X	Nestleiar soknerådet	
Karl Inge Lygre	x		Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet
Torill Brådland	x		Oppfølging av barnearbeidet
Bjørg Mikalsen	X		Oppfølging av ungdomsarbeidet. Representant til fellesrådet
Bjørg Nese	X		1.vara til fellesrådet
Sigbjørn Sørland	X	1. vara møter fast	Representant til Livspust – diakonigruppa.
Stab FOK			
Morgan Fjelde	X	Sokneprest	

Ingunn Matre	X	Dagleg leiar	
--------------	---	--------------	--

	Delerunde og bønn
Sak : 43-17	Godkjenning av innkalling . Vil gjerne ha innkalling ei veke før møtet.
Sak : 44 -17	<p>Godkjenning av referat frå møte 22. august . Referat godkjent.</p> <p>Orienteringssaker :</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Orientering frå stab. Alle på plass. Gjer klar til 51 konf på kick-off og presentasjonsgudstjeneste. Vi manglar fremdeles 6 (helst 8 gruppeleiderar) – dette er kritisk. Vi har hatt gjennomgangar i stab og ungdomspastor har gjort ein stor jobb med direkte spørsmål i tillegg til at det er gjort kjent på gudstjeneste og fellessamlinger. Elles nærmar GLS seg , håpar at så mange som mogeleg kan være med 27.-28.oktober. Ønske at link til stabsmøte-notater ligg fast inne på innkallinga. 2. Givartenesta for august . Kr 133.937. Vi er veg mot målet på 140.000 pr mnd, men pga av saktare opptrapping enn budsjettet ligg vi ca 125.000 under budsjett for året inntektsmessig. 3. ALPHA . Leiar Per Larsen, undervisarar og forbønnsstjeneste er på plass. Vi manglar framleis grupper / enkeltpersonar som kan være vertskap og gruppeleiarar i samtalene. Inviterer cellegruppene til dette og startar om det legg seg til rette. 4. Prosten vil være med på et møte for å fylgja opp bispevisitas. Dagleg leiar finn egna møte seinere i år og melder tilbake til han. 5. Kvar enkelt i soknerådet har kvart sitt ansvarsområde. Veldig bra om dei finn ein måte å ha regelmessig kontakt med dei som er i stab / hovedleiarar innanfor kvart område
Sak : 45-17	<p>Arbeid med sentrale mål for arbeidet dei neste 90 dagar</p> <p>Stab og sokneråd arbeidar saman om å fastsetja 3- 4 sentrale mål ein skal arbeida mot neste 3 månader. Desse skal være i tråd med 1-årsmålet som går fram mot februar 2018 og fokus på smågrupper og « Bygge ein misjonal smågruppekultur med lederskap som leder»</p> <p>Sokneråd og stab arbeida sist SR-møte gjennom lista over innspel og gjorde ei første prioritering av dei 5 viktigaste 90 –dagars måla. Morgan og Ingunn reinskreiv dette notatet og tok det med inn til NAMU-veiledning onsdag 30. august, og delte deretter med alle.</p> <p>Denne saka er sett på for å sikre at vi har ei omforeint oppfatning av dei måla som er sett opp for dei neste 90 dagane.</p> <p>Vedtak :</p>

	<p>Soknerådet stiller seg bak anbefalinga frå prest og dagleg leiar og mål for neste 90 dagar blir oppdatert og lagt fast ved referatet kvar gong framover.</p>
<p>Sak : 46-17</p>	<p>Dokumentet «Vårt oppdrag»</p> <p>Dette verdi-dokumentet vart det arbeida med jevnleg fram til soknerådsmøtet i desember 2016.</p> <p>I saka då vart det oppsummert slik :</p> <p style="padding-left: 40px;">Vi ser på dette som så ferdig at vi kan bruke det som et grunnlag for målarbeidet vidare. Det som manglar her er ein strategi for korleis vi kan kommunisera dette ut. Tanken er at dette skal være på eit format som eignar seg på web, av ventar ei ny web-plattform som vi har engasjert Ruben Omdal til å arbeida fram.</p> <p>Arbeidet med nytt web-grensesnitt har tatt lenger tid enn forventa, og det er uheldig at dei som var inviterte til å dela sitt vitnesbyrd i dokumentet ikkje har fått nokon tilbakemelding om kva status er på kommunikasjon og anvendelse av dette dokumentet vidare.</p> <p>Saken nå er ein plan for å legge til rette for at dette arbeidet kan verta ferdigstilt.</p> <p>Vedtak :</p> <p>Dersom ny web-side ligg mindre enn ein måned fram i tid, ventar vi på denne og legg så dokumentet ut der. Det må vurderast om det skal gjerast andre grep i tillegg for å gjera det kjent. Dagleg leiar avtalar tidspunkt der vi legg over til ny web-løysing og plan for lansering av denne.</p>
<p>Sak 47-17</p>	<p>Evaluering av 1. halvår 2017</p> <p>Det er mange områder ein kunne tatt med i evalueringa, men for å snevra det litt set vi fokus på tre i denne omgangen , og har lista nokre relevanta spørsmål innen kvart område som soknerådet vert utfordra til å tenka gjennom på førehand. Er det andre moment som bør med er det sjølvsagt også godt å få dei med.</p> <p>Soknerådet sitt arbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bruker vi tid på de rette sakene ? • Er sakene godt nok forebudde ? • Vert tida i møtet brukt på ein god måte ? <p>Nokre tilbakemeldingar på dette :</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi har brukt for lang tid på tekstprosessar –ref arbeid med dokumentet «Vårt oppdrag» • Relativt lite tid på admin-saker

	<ul style="list-style-type: none"> • Leiar av soknerådet leiar godt og samlar trådane i diskusjonane/oppsummerer godt om det spriker • Savnar litt tid på slutten til eventuelt-saker, naturleg å ta det medan alle er samla om det skulle dukkar opp. • Kunne ynskja at stab formidla tilbakemeldingar som vart sende inn dit slik at SR også veit om meiningar som rører seg i menigheten, dette gjeld for så vidt også om noko kjem direkte til SR-medlemmer • Balansen mellom overordna styring og detaljstyring er relativt god, men nokre kjenner på at dei trivst best med å være meir med på utførelsen av oppgåvene enn veldig mykje planarbeid. • Eit organ der alle trådane samlast og har overordna plan for menighetens retning og form er bra, på sikt ville det merkast godt om det ikkje vart gjort. • Ein har god erfaring med soknerådsarbeid frå tidlegare der det var haldne møtar på rundgang i dei ulike medlemmene sine heimar, fekk eit godt preg av eit arbeidsfelleskap og ikkje så formelt. • Kvar enkelt har ein god mogelegheit til å være tettare på dei ulike ansvarsområdene ein har og dela dette i soknerådet. <p>Gudstjeneste</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis vert vi meir frimodige etterføljarar av å komma på gudsteneste ? • Kva er det i gudstenesta som får deg til å tenka at her skulle min nabo ha vore ? <p>Dette punktet vert utsett til neste møte pga lite tid denne gongen</p> <p>Målarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Korleis har det vore å arbeida med mål og målarbeid som vi har gjort det siste året • Kjenner du at du kan bidra i dette arbeidet med det du er god på ? <p>Ein felles oppfatning av at det målarbeidet som er gjort det siste året er godt og fokusert og forhåpentligvis vil gje resultater.</p>
Sak 48-17	<p>Gjennomgang av årshjulet 2017/2018</p> <p>Sjå særskilt på dei som er merka med raudt for å verta oppmerksom på forslag på datoar i 2018.</p> <p>Merknad om at årsmøtet vert flytta til 18.mars for å ikkje ha denne og menighetsfest same helg.</p> <p>Livspust vert bedne om å sjå om det veka som er forslått til Godhetsveke våren 2018 fungerer for dei. Dagleg leiar fylgjer opp dette til deira neste møte.</p>

Visjonsbildet –

5 års bildet	<p>Vi bygger med den Hellige ånds hjelp et Jesus-sentrert fellesskap. Et inkluderende fellesskap som er så sterkt og raust at mennesker ikke ønsker å være fraværende eller slutte verken når livet er vanskelig eller godt. Et fellesskap der man kan være sårbar, gi av seg selv og be sammen. Kraften i dette fellesskapet er at Gud er til stede midt i blant oss, og vi får stå sammen i kraften fra korset. Fellesskapet er preget av at vi har omsorg for hverandre og handler ut fra det, og der nye mennesker med ulik bakgrunn, livssituasjon og livserfaringer raskt kan kjenne seg inkludert. Fellesskapet vårt er og preget av entusiasme, og vi løfter hverandre og "tar hverandre på fersken" i å gjøre gode ting. Grunnverdien i fellesskapet er at vi har tillit til Gud og hverandre. Jesus er grunnsteinen vår og vi bygger på bibelen som er Guds ord.</p> <p>Vi har store forventninger til hva Han vil gjøre i og gjennom oss, og hvilke ringvirkninger dette vil gi til bygda vår.</p>			
3 års mål	Åndelig drivkraft - Bygge åndelig drivkraft som basis for menigheten	Se og bli sett - Gi omsorg gjennom ros og gode tilbakemeldinger	Inkluderende og varme fellesskap - Bygge fellesskap som inkludere nye på en god og varm måte	Lederskap - Satse på lederutvikling og utrustning
1 års mål	<p style="text-align: center;">Smågruppene Bygge en misjonar smågruppekultur med lederskap som leder</p>			
90 dager (sep-nov 2017)	Bønn for mennesker utenfor gruppene (BRO) Mål for neste 90 dager Hva: Sette fokus på BRO (Bønn – Relasjon – Ord) Hvordan: Oppstartssamling, Cellegruppeopplegg, Bruke det i stab og sokneråd Hvem: Mentorer, Morgan, Ingunn/Jon	Invitasjon til grupper –finne en tjenelig form Mål de neste 90 dagene Hva: Hver gruppe har laget en liste over personer de ønsker å spørre og invitert disse. Hvordan: Snakket om på oppstartssamling og ledersamlinger, samt tema på hvert	Leder blir noe en har lyst å være- bygge videre en positive lederkultur Mål for neste 90 dager Hva: Positiv holdning til ledelse Hvordan: Skape gode lederfellesskap gjennom erfaringsdelinger av positive og krevende gruppeledererfaringer. Ha det som tema på gudstjeneste. Sette fokus på GLS for lederne.	Bønn for lederne i gruppene Mål de neste 90 dagene Hva: Forbønn for gruppeleder Hvordan: Ledersamlinger, Forbønnsgruppen, Cellegruppeopplegget Hvem: Mentorer, forbedere og Morgan



		<p>cellegruppeopplegg de neste 90 dagene</p> <p>Hvem: Stab/sokneråd i sine grupper. Mentorer på ledersamling, Morgan på cellegruppeopplegg</p>	<p>Stab/sokneråd fremsnakker betydning av lederskap i deres grupper</p> <p>Hvem: Mentorer, Morgan, Ingunn, Stab/sokneråd</p>	
--	--	--	--	--